



# Sirdal kommune

Sinnes skule

Medlem i Sinnes SMU

DERES REF:	VÅR REF:	SAKSBEHANDLER:	ARKIVKODE:	DATO:
	1262/2016 - 2012/450	Åse-Berit Fidjeland	A20	27.01.2016

## REFERAT SMU-MØTE 26.01.16

**Til stades:** Anders Tjørhom, Birgitta Tjørhom, Kari Andersen, Geir Hovland, Hilde Sinnes, Magne Tjørhom, Tøri Ådneram, Mathias Hegre (for Erik Kvæven) og Åse-Berit Fidjeland

**Fråverande:** Gro Nilsen, Stian Hiim og Erik Kvæven

### Sak 1/16: Godkjenning av referat frå førre møte

Ingen merknader, men rektor fortalde at resultatet på Elevundersøkinga ligg på 4,2/4,3 for begge skulane samla. Når høgaste score er 5, er det bra, sjølv om det har gått ned litt frå førre år.

### Sak 2/16: Kort om endra bussordning

Rektor informerte om nye bussar og prisar etter at ordninga med gratis buss for barn/ungdom vart avvikla frå 01.01.16. Ho refererte kort til skriv frå Agder Kollektivtrafikk (AKT), og dette vert lagt ut på heimesida som vedlegg til månadsbrevet for februar. Samstundes kjem denne informasjonen på vekeplanane for veke 5.

FAU 2014/2015 sende brev til Sirdal kommune om gratis skyss for elevar i 2.-4. klasse om vinteren (desember-mars) når sykkelstien frå Myraleitet og Haugen ikkje er trygg. Det kan vera høge brøytekantar og svært glatt veg. Det er ikkje så stor forskjell på ein 1.-klassing og ein 2.-klassing, og Sinnes SMU ynskjer at dette vert tatt opp att ved politisk representant i SMU. Slik det er nå, er det heller ikkje miljøvenleg, for nå køyrer alle ungane sine til skulen når det er utrygt å senda dei åleine på sykkelstien.

### Sak 3/16: Om revidering av Plan for kvalitetsutvikling våren 2016

Leiargruppa i skuleeininga har nett hatt arbeidsmøte, der ein snakka om framdrifta på kvalitetsutviklingsplanen og "Sirdalsskulen - mål og strategiar", som ligg til grunn for den førstnemnde. "Plan for kvalitetsutvikling" gjeld for fire år, medan "Sirdalsskulen - mål og strategiar" er laga for fire år. Det betyr at "Sirdalsskulen - mål og strategiar" vil bli revidert hausten 2016, og sidan den er overordna skulen sin kvalitetsutviklingsplan, vurderer SMU og skulen det slik at skulen reviderer kvalitetsutviklingsplanen for neste år, og så gjer ein grundigare jobb med 2017/2018-planen.

### Sak 4/16: Lokal trivselsundersøking

Den lokale trivselsundersøkinga vil i år bli lagt ut elektronisk på *It's learning*, og kvar elev vil få eit informasjonsbrev og passord, slik at elev og foreldre kan logga seg inn og svara. Om nokon vil levera i papirutgåve, er dette sjølv sagt mogleg.